



HARAM KOMMUNE



SANDØY KOMMUNE

AVTALE MELLOM HARAM KOMMUNE OG SANDØY KOMMUNE OM KJØP AV TENESTER INNAN LANDBRUK OG VILTFORVALTNING

Det vert inngått følgjande avtale mellom Haram kommune og Sandøy kommune:

1. Haram kommune utfører det administrative arbeidet med dei lovpålagde oppgåvene innan landbruks- og viltforvaltning på vegne av Sandøy kommune
2. Rådmannen i Sandøy delegerer fullmakter til å gjere vedtak på vegne av Sandøy kommune i fagsaker som er heimla i jordlova, viltlova m.m. til rådmannen i Haram. Delegering av fullmakter etter viltlova gjeld for dei saker/saksområde som er delegerte frå viltnemnda i Sandøy. Delegasjonen gjeld ikkje enkeltvedtak etter konsesjonslova og frådelings- og omdisponeringssaker etter jordlova.
3. Avtalen er gjeldande til ein av partane seier den opp. Ei oppseiing må vere skriftleg og vere den andre parten i hende seinast eit halvt år før siste driftsåret.
4. Omfanget av avtalen er sett til 0,2 årsverk
5. Sandøy kommune betalar kr 125.000,- pr. år til Haram kommune for utføring av tenestene. Halve beløpet skal innbetalast etterskotsvis kvart halvår. Det kan bli berekna meirverdiavgift på beløpet. Beløpet skal indeksregulerast etter gjennomsnittleg lønsutvikling i KS-området.
6. I utgangspunktet skal tenestene utførast i Haram kommune sine kontor i Brattvåg. Ved behov skal Sandøy kommune stille kontorplass og møterom til rådvelde.
7. Sandøy kommune utfører dei karttekniske oppgåvene som er naudsynt for landbruksforvaltninga og gir Haram kommune tilgang til sitt datanettverk.
8. Haram kommune rapporterar til Sandøy kommune i samband med årsmeldingar m.m. Ved behov kan kvar av partane krevje eit møte.

Dato:..... 6.5.10

.....
for Haram kommune

Dato:..... 5/5 - 2010

.....
for Sandøy kommune